

Medlemsmøte / Folkemøte

om etterbruk av Syltøy skule
onsdag 16. oktober klokka 19 på Syltøy skule

Eigedomssjefen i Fjell skal i starten av november levera sin innstilling til komité for finans og forvaltning (KFF) om vidare skjebne for bygningar og uteareal ved skulen.

Grendalaget er bedt om å koma med innspel til eigedomssjefen, som vil bli vedlagt i den vidare handsaminga i KFF og kommunestyret i november.

Innstillinga frå eigedomssjefen vil truleg innehelda fylgjande alternativ:

1. Framleis vidare kommunal drift og vedlikehald av bygningar og uteplass
2. Skulen vert overdratt eller seld rimeleg til Syltøy Grendalag
 - a. Gymsalen og litt uteareal med parkeringsplass
 - b. Alle bygningar og heile utearealet
3. Skulen vert seld til tidlegare grunneigar
4. Skulen vert seld på den opne marknaden

Styret i grendalaget innstiller på alternativ 1 som første prioritet, og alternativ 2a som andre prioritet, med prøveperiode på 3 år.

Ved alternativ 3 eller 4 vil grendalaget be om ein klausul i salgsavtalen, der vi sikrar oss bruksrett til gymsalen.

Medlemsmøtet/Folkemøtet må ta stilling til kva alternativ vi skal gå inn for.

Ved innstilling på alternativ 1, 2a eller 2b, må grendalaget tilby fylgjande:

- Dugnad og enkelt vedlikehald av bygningar og uteareal
- Jevnleg tilsyn
- Administrasjon av utleige
- Utlån og utleige av grendalaget sine egedelar
- Økonomisk tilskot til drift og vedlikehald

I tillegg må grendalaget og medlemmene skaffa fleire inntekter:

- Auka medlemskontingent
- Større andel av laget sitt overskot må nyttast til drift og vedlikehald
- Vesentleg større dugnadsinnsats
- Fleire inntektsbringande tiltak og tilstelningar

Medlemsmøtet/Folkemøtet må ta stilling til om dette er realistisk å få til.

Still opp på medlemsmøtet/folkemøtet, og vis at du er opptatt av framtida til bygda di.

Beste helsing
Styret i Syltøy Grendalag